

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 189/2017**

2019/EØS/52/40

av 22. september 2017

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1214 av 23. juni 2017 om fastsettelse av kriteriene for tildeling av EU-miljømerket til håndoppvaskmidler<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1215 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel til industri- og institusjonsbruk<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1216 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1217 av 23. juni 2017 om fastsettelse av kriteriene for tildeling av EU-miljømerket til rengjøringsmidler til harde overflater<sup>(4)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1218 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel<sup>(5)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1219 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk<sup>(6)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 7) Beslutning (EU) 2017/1214 opphevar kommisjonsbeslutning 2011/382/EU<sup>(7)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 8) Avgjerd (EU) 2017/1215 opphevar kommisjonsavgjerd 2012/720/EU<sup>(8)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 9) Avgjerd (EU) 2017/1216 opphevar kommisjonsavgjerd 2011/263/EU<sup>(9)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 10) Beslutning (EU) 2017/1217 opphevar kommisjonsbeslutning 2011/383/EU<sup>(10)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 11) Avgjerd (EU) 2017/1218 opphevar kommisjonsavgjerd 2011/264/EU<sup>(11)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.

<sup>(1)</sup> TEU L 180 av 12.7.2017, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 180 av 12.7.2017, s. 16.

<sup>(3)</sup> TEU L 180 av 12.7.2017, s. 31.

<sup>(4)</sup> TEU L 180 av 12.7.2017, s. 45.

<sup>(5)</sup> TEU L 180 av 12.7.2017, s. 63.

<sup>(6)</sup> TEU L 180 av 12.7.2017, s. 79.

<sup>(7)</sup> TEU L 169 av 29.6.2011, s. 40.

<sup>(8)</sup> TEU L 326 av 24.11.2012, s. 25.

<sup>(9)</sup> TEU L 111 av 30.4.2011, s. 22.

<sup>(10)</sup> TEU L 169 av 29.6.2011, s. 52.

<sup>(11)</sup> TEU L 111 av 30.4.2011, s. 34.

- 12) Avgjerd (EU) 2017/1219 opphevar kommisjonsavgjerd 2012/721/EU<sup>(12)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 13) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

I vedlegg XX til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 2e (kommisjonsavgjerd 2011/264/EU) skal lyde:

”**32017 D 1218:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1218 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel (EUT L 180 av 12.7.2017, s. 63).”

2. Teksta i nr. 2h (kommisjonsavgjerd 2011/263/EU) skal lyde:

”**32017 D 1216:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1216 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel (EUT L 180 av 12.7.2017, s. 31).”

3. Teksta i nr. 2r (kommisjonsbeslutning 2011/382/EU) skal lyde:

”**32017 D 1214:** Kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1214 av 23. juni 2017 om fastsettelse av kriteriene for tildeling av EU-miljømerket til håndoppvaskmidler (EUT L 180 av 12.7.2017, s. 1).”

4. Teksta i nr. 2t (kommisjonsbeslutning 2011/383/EU) skal lyde:

”**32017 D 1217:** Kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1217 av 23. juni 2017 om fastsettelse av kriteriene for tildeling av EU-miljømerket til rengjøringsmidler til harde overflater (EUT L 180 av 12.7.2017, s. 45).”

5. Teksta i nr. 2zg (kommisjonsavgjerd 2012/720/EU) skal lyde:

”**32017 D 1215:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1215 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel til industri- og institusjonsbruk (EUT L 180 av 12.7.2017, s. 16).”

6. Teksta i nr. 2zh (kommisjonsavgjerd 2012/721/EU) skal lyde:

”**32017 D 1219:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1219 av 23. juni 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk (EUT L 180 av 12.7.2017, s. 79).”

#### *Artikkel 2*

Teksta til beslutning (EU) 2017/1214, avgjerd (EU) 2017/1215 og (EU) 2017/1216, beslutning (EU) 2017/1217 og avgjerd (EU) 2017/1218 og (EU) 2017/1219 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

<sup>(12)</sup> TEU L 326 av 24.11.2012, s. 38.

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 22. september 2017.

For EØS-komiteen

***Sabine Monauni***

Formann